

## Kommunereform – status Rogaland pr. desember 2015

Kommunane enkeltvis: (fargekode etter samhandlingsmønsteret som avteiknar seg)

<b>Kom.nr</b>	<b>Kommune</b>	<b>Status</b>
<b>1004</b>	<b>Flekkefjord (V-A)</b>	Formannskapet har 27.08.2015 gjort vedtak om utgreiing saman med Kvinesdal og Farsund – Lister 3. Utgreiinga legg opp til eit utvida samarbeid eller samanslåing. Dialog med Sokndal om grensejustering Åna-Sira.
<b>1046</b>	<b>Sirdal (V-A)</b>	Ikkje konkret samarbeid med kommunar i Rogaland. Har takka nei til invitasjon frå Bjerkreim.
<b>1101</b>	<b>Eigersund</b>	Felles utgreiing gjennom Regionråd Dalane. Vedtak i regionrådet 11.02.2015 om at utgreiing blir teke opp i alle kommunane. Analysedag for administrative leiarar 05.02.2015. Gjennomførte SWOT-analyse for formannskap og gruppeleiarar 29.04. 2015. Oppsummering i regionrådet 18.05.2015. Kommunestyret vedtok 15.06.2015 å gå i vidare dialog med Sokndal, Lund og Bjerkreim. Det har etter dette vore konkrete forhandlingar mellom Eigersund og Sokndal, og det ligg føre skisse til intensjonsavtale. Innbyggjarane har vore involverte gjennom fokusgrupper og folkemøte.
<b>1111</b>	<b>Sokndal</b>	Felles utgreiing gjennom Regionråd Dalane. Vedtak i regionrådet 11.02.2015 om at utgreiing blir teke opp i alle kommunane. Analysedag for administrative leiarar 05.02.2015. Gjennomførte SWOT-analyse for formannskap og gruppeleiarar 29.04.2015. Oppsummering i regionrådet 18.05.2015. Kommunestyret vedtok 15.06.2015 å gå i forhandlingar med Eigersund. Det har etter dette vore konkrete forhandlingar mellom Eigersund og Sokndal, og det ligg føre skisse til intensjonsavtale. Innbyggjarane har vore involverte gjennom fokusgrupper og folkemøte. Lund kommunestyre vedtok 03.12.2015 å gå inn i desse forhandlingane. Det har vore dialog med Flekkefjord om grensejustering i Åna-Sira.
<b>1112</b>	<b>Lund</b>	Felles utgreiing gjennom Regionråd Dalane. Vedtak i regionrådet 11.02.2015 om at utgreiing blir teke opp i alle kommunane. Analysedag for administrative leiarar 05.02.2015. Gjennomførte SWOT-analyse for formannskap og gruppeleiarar 29.04.2015. Oppsummering i regionrådet 18.05.2015. Kommunestyret vedtok 18.06.2015 å gå i vidare dialog med Sokndal, Eigersund og Bjerkreim, og med Lister-kommunane. Det er gjort nytt vedtak i kommunestyret 03.12.2015 om å gå i forhandlingar med dei andre Dalane-kommunane, og om å utgreie 0-alternativet. Det er også opna opp for å sjå mot Agder om Lister 3-utgreiing ikkje fører til avtale. Det blir folkeavrøysting før endeleg vedtak.
<b>1114</b>	<b>Bjerkreim</b>	Felles utgreiing gjennom Regionråd Dalane. Vedtak i regionrådet 11.02.2015 om at utgreiing blir teke opp i alle kommunane. Analysedag for administrative leiarar 05.02.2015. Vedtak i kommunestyret 11.02.2015 om at kommunen ønsker å bestå som eigen kommune, men deltek i den vidare utgreiinga gjennom Regionråd Dalane. Har gjennomført SWOT-analyse for formannskap og gruppeleiarar 29.04.2015. Oppsummering i rådet i mai. Er laga milepelsplan og informasjons- og kommunikasjonsplan. Kommunestyret vedtok 17.06.2015 å utgreie med utgangspunkt i eigen kommune, med alternativa Dalane kommune eller ei samanslåing med Gjesdal kommune. Arrangerte folkemøte 22.06.2015 og er etablert fokusgrupper. Lite aktivitet i haust, har vore i møte med Gjesdal i desember.

<b>1119</b>	<b>Hå</b>	Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne, Sola og Sandnes). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a> . Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Utgreiinga er behandla i kommunestyret 10.09.2015, og det er gjort vedtak om å gjennomføre naboprat med Klepp og Time. Det blei også opna for å gjennomføre naboprat med andre kommunar i regionen dersom det kjem slike initiativ. Det har vore mange møte og aktivitetar hausten 2015 saman med Klepp og Time for å forhandle fram grunnlag for nye Jæren kommune, m.a. med felles kommunestyremøte den 19.11.2015. Det er under arbeid intensjonsavtale som skal vere ferdig før folkeavstemming 25.04.2016. For meir informasjon sjå <a href="#">MinNyeKommune.no</a> .
<b>1120</b>	<b>Klepp</b>	Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne, Sola og Sandnes). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a> . Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Utgreiinga er behandla i kommunestyret 07.09.2015, og det er gjort vedtak om å gjennomføre naboprat med Time og Hå. Det blei også opna for å gjennomføre naboprat med andre kommunar i regionen dersom det kjem slike initiativ. Det har vore mange møte og aktivitetar hausten 2015 saman med Hå og Time for å forhandle fram grunnlag for nye Jæren kommune, m.a. med felles kommunestyremøte den 19.11.2015. Det er under arbeid intensjonsavtale som skal vere ferdig før folkeavstemming 25.04.2016. For meir informasjon sjå <a href="#">MinNyeKommune.no</a> .
<b>1121</b>	<b>Time</b>	Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne, Sola og Sandnes). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a> . Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Utgreiinga er behandla i kommunestyret 08.09.2015, og det er gjort vedtak om å gjennomføre naboprat med Klepp og Hå. Det blei også opna for å gjennomføre naboprat med andre kommunar i regionen dersom det kjem slike initiativ. Det har vore mange møte og aktivitetar hausten 2015 saman med Klepp og Hå for å forhandle fram grunnlag for nye Jæren kommune, m.a. med felles kommunestyremøte den 19.11.2015. Det er under arbeid intensjonsavtale som skal vere ferdig før folkeavstemming 25.04.2016. For meir informasjon sjå <a href="#">MinNyeKommune.no</a> .
<b>1122</b>	<b>Gjesdal</b>	Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne, Sola og Sandnes). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a> . Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Utgreiinga er behandla i kommunestyret 07.09.2015, med vedtak om at kommunen kan bestå som i dag. Det er likevel opna for naboprat med Bjerkreim og Sandnes hausten 2015, og om det kjem initiativ frå andre kommunar. Grensejustering blir sett på som mest aktuelt. Lite aktivitet etter valet, har hatt møte med Bjerkreim og Sandnes i desember.
<b>1102</b>	<b>Sandnes</b>	Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne, Sola og

		<p>Sandnes). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a>. Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Utgreiinga er behandla i bystyret 08.09.2015, og det er gjort vedtak om at kommunen er å vurdere som ein robust kommune utan å endre kommunestruktur. Bystyret ser det ikkje som naturleg å inngå i ein felles kommune med Stavanger. Samstundes er det opna for drøftingar/nabosamtalar dersom andre kommunar ønskjer det. Det blei lagt til grunn at eventuell framlegg til intensjonsavtale og grunnlag for folkehøyring blir lagt fram for kommunestyret i februar 2016. Det har i november vore møte mellom politiske styringsgrupper i Sola, Stavanger og Sandnes, etter invitasjon frå Sola. Det blir gjennomført innbyggjarundersøking i desember, og er avtalt vidare prosess med fire møte i styringsgruppa i januar og februar 2016.</p>
<b>1124</b>	<b>Sola</b>	<p>Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne, Sola og Sandnes). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a>. Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Utgreiinga er behandla i kommunestyret 03.09.2015, og det er gjort vedtak om å invitere Randaberg, Sandnes og Stavanger til eit vidare samarbeid. Nullalternativet skal også greiast ut. Det er også opna for nabopart med fleire kommunar. Eventuell framlegg til intensjonsavtale og grunnlag for folkehøyring blir lagt fram for kommunestyret første kvartal 2016. Folkehøyring skal først vere i form av meiningsmåling hausten 2015, og deretter som folkeavstemming våren 2016. Det har i november vore møte mellom politiske styringsgrupper i Sola, Stavanger og Sandnes, etter invitasjon frå Sola. Det blir gjennomført innbyggjarundersøking i desember, og er avtalt vidare prosess med fire møte i styringsgruppa i januar og februar 2016.</p>
<b>1127</b>	<b>Randaberg</b>	<p>Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne, Sola og Sandnes). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a>. Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Utgreiinga er behandla i kommunestyret 10.09.2015, der det blei gjort vedtak om å ikkje ta initiativ til fleire samtalar eller utgreiingar. Takka i november nei til invitasjon frå Sola om naboprat. Ny vurdering i kommunestyret i februar 2016.</p>
<b>1103</b>	<b>Stavanger</b>	<p>Felles utgreiing gjennom Jærrådet. Har hatt felles SWOT-analyse for alle formannskapa (samfunnsutvikling og demokrati). Eiga gruppe som jobbar med innbyggarinvolvering. Har arrangert folkemøte (Bryne og Sola). Etablert eigen web-portal; <a href="#">MinNyeKommune.no</a>. Felles utgreiing var ferdig i slutten av mai, og resultatet blei lagt fram og drøfta i ny felles formannskapssamling 10.06.2015. Parallelt med samarbeidet i Jærrådet, har Stavanger hatt dialog med øycommunane Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy – og ryfylkecommunane Strand, Hjelmeland og Forsand. Bystyret gjorde den 31.08.2015 vedtak om å gå for ny kommuneinndeling, i første omgang ved å ta initiativ til konkrete samtalar med Randaberg, Sandnes og Sola. Det er også opna for å vurdere ein ny storbykommune der fleire kommunar inngår, også ein eventuell stor regionskommune. Eventuell framlegg til intensjonsavtale og grunnlag for folkehøyring blir lagt fram for kommunestyret første kvartal 2016. Det har i november vore møte mellom politiske styringsgrupper i Sola, Stavanger og Sandnes, etter invitasjon frå Sola. Det blir gjennomført innbyggjarundersøking i desember, og er avtalt vidare prosess med fire møte i styringsgruppa i januar og februar 2016.</p>

<b>1141</b>	<b>Finnøy</b>	Er gjort ei eiga utgreiing gjennom styringsgruppe. Har vore i dialog med fleire nabokommunar (Randaberg, Rennesøy, Kvitsøy og Stavanger). Vedteke å gå vidare med tre hovudalternativ; nullalternativ (Finnøy åleine), mellomalternativ og storkommunealternativ. Vedtak i kommunestyret 17.06.2015 om å ha mest fokus på nullalternativ og storkommune. Plan om innbyggjarundersøking i desember, og om å behandle retningsval i kommunestyret i april 2016. Blir truleg ny folkehøyring i 2016.
<b>1142</b>	<b>Rennesøy</b>	Etablert intern styringsgruppe, gjennomfører eigen prosess. Ser som Finnøy på tre hovudalternativ. Har vore i dialog med nabokommunar. Signalisert interesse for å bli involvert i utgreiingsarbeidet gjennom Jærrådet. Utgreiinga fra «Jærrådet+» fra mai 2015 blei presentert i styringsgruppa 15.06.2015. Har vore folkemøte 25.08.2015. Plan om to-trinns behandling av retningsvalg i kommunestyre første halvår 2016.
<b>1144</b>	<b>Kvitsøy</b>	Utgreiing gjennom øykommuneprosjektet, <u>rapport</u> var ferdig mars 2015. Å halde fram som eigen kommune er førsteprioritet. Har samstundes dialog med nabokommunar, inkludert Stavanger. Ikkje registrert ny aktivitet etter valet.
<b>1129</b>	<b>Forsand</b>	Har gjort mye godt arbeid med å førebu samanslåing med Strand og Hjelmeland. Har vore i prosess med informasjon og innbyggarinvolvering, med sluttrapport og intensjonsavtale i mai 2015. Gjennomført folkeundersøking med klart fleirtal mot å bli ein ny kommune saman med Strand og Hjelmeland. Kommunestyret har i møte 17.06.2015 vedteke å avslutte prosessen. Ikkje registrert ny aktivitet etter valet.
<b>1130</b>	<b>Strand</b>	Har gjort mye godt arbeid med å førebu samanslåing med Forsand og Hjelmeland. Har vore i prosess med informasjon og innbyggarinvolvering, med sluttrapport og intensjonsavtale i mai 2015. Gjennomført folkeundersøking med klart fleirtal for å bli ein ny kommune saman med Hjelmeland og Forsand. Kommunestyret har 17.06.2015 samråystes vedteke å fortsetje prosessen, som i første omgang blir i dialog med Hjelmeland. Etter negativ folkeavstemming i Hjelmeland har det vore lite aktivitet etter valet.
<b>1133</b>	<b>Hjelmeland</b>	Har gjort mye godt arbeid med å førebu samanslåing med Forsand og Strand. Har vore i prosess med informasjon og innbyggarinvolvering, med sluttrapport i mai 2015. Gjennomført folkeundersøking med fleirtal mot å bli ein ny kommune saman med Strand og Forsand. Kommunestyret vedtok 17.06.2015 å fortsetje prosessen, og at det skulle vere folkeavrøysting. Fleirtal (54 prosent) mot vidare naboprat i folkeavrøysting i samband med valet. Ikkje registrert ny aktivitet etter dette.
<b>1134</b>	<b>Suldal</b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Kommunestyret vedtok 17. mars 2015 å gå vidare med tre alternativ for utgreiing; Suldal åleine - Suldal/Sauda/Hjelmeland - Suldal/Sauda/Vindafjord/Egne. Grensejusteringar er aktuelt mot Odda, Sauda og Hjelmeland. Har gjennomført folkemøte. Det er etablert naboprat med Sauda, Vindafjord og Egne.
<b>1135</b>	<b>Sauda</b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Kommunestyret vedtok 18. mars 2015 å gå vidare med fem alternativ for utgreiing; Sauda åleine - Sauda/Suldal - Sauda/Suldal/Vindafjord/Egne - Sauda/Vindafjord/Egne-Sauda/Vindafjord. Det er etablert naboprat med Suldal, Vindafjord og Egne.

<b>1160</b>	<b>Vindafjord</b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Kommunestyret vedtok 14. april 2015 å gå vidare med fire alternativ for utgreiing; Vindafjord åleine - Vindafjord/ Bokn/Tysvær/ Etne - Vindafjord/ Etne/Sauda/Suldal - Vindafjord/Etne. Vedtok i ny behandling i kommunestyret 22.06.2015 å utgrie alternativet Sauda, Suldal, Etne og Vindafjord, med underalternativ Etne og Vindafjord. Kommunestyret har i møte 08.09.2015 vedteke kva utgreiing av 0-alternativet skal omfatte. Det er etablert naboprat med Sauda, Suldal og Etne, og det er i sett i gang utgreiing av underalternativet Etne og Vindafjord. Skal vere folkeavrøysting før endeleg vedtak.
<b>1106</b>	<b>Haugesund</b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Bystyret vedtok 11. mars 2015 å gå vidare med storkommune for ytre Haugalandet, eller med nabokommunar som ønskjer samanslåing. Var dialogmøte i mai mellom Haugesund, Karmøy og Sveio. Det er etter dette avtalt utgreiing av ein mogleg storkommune Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio. Felles rapport frå Agenda Kaupang, som også omtalar Bokn, blei presentert på felles kommunestyremøte den 26.11.2015. Rapporten blir nå behandla vidare i kommunen.
<b>1149</b>	<b>Karmøy</b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Kommunestyret vedtok 24. mars 2015 å starte med utgreiing av 0-alternativet (Karmøy åleine), for deretter eventuelt å utgrie samanslåing mellom to eller fleire nabokommunar. Har gjennomført innbyggjarundersøking. Var dialogmøte i mai mellom Karmøy, Haugesund og Sveio. Det er etter dette avtalt utgreiing av ein mogleg storkommune Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio. Felles rapport frå Agenda Kaupang, som også omtalar Bokn, blei presentert på felles kommunestyremøte den 26.11.2015. Rapporten blir nå behandla vidare i kommunen.
<b>1146</b>	<b>Tysvær</b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Kommunestyret vedtok 24.03.2015 å fokusere på dagens struktur før vurdering av større endringar, men samstundes vurdere samanslåing med Bokn. I kommunestyret den 15.06.2015 blei det gjort vedtak om å delta i utgreiinga om ein ny kommune saman med Haugesund, Karmøy, Sveio og eventuelt Bokn. Det er etter dette avtalt utgreiing av ein mogleg storkommune Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio. Felles rapport frå Agenda Kaupang, som også omtalar Bokn, blei presentert på felles kommunestyremøte den 26.11.2015. Rapporten blir nå behandla vidare i kommunen.
<b>1151</b>	<b>Utsira</b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Eiga utgreiing gjennom øykommuneprosjektet, <a href="#">rapport</a> ferdig mars 2015. Kommunestyret har vedteke å utgrie 0-alternativ (Utsira åleine) og eit «mindre omfattande alternativ som kjem fram i sonderingar med nabokommunar». Har vore i dialog med Haugesund og Karmøy. Har gjennomført SWOT-analyse 12.11.2015.
<b>1145</b>	<b>Bokn</b>	Var ikkje med i samarbeidet gjennom Haugaland Vekst. Formannskapet rår 5. mai 2015 til å starte med utgreiing av 0-alternativet (Bokn åleine), for deretter eventuelt å utgrie tre alternativ saman med nabokommunar; Bokn/Tysvær - Bokn/Karmøy - Bokn/Karmøy/Tysvær. Dette blei også vedteke av kommunestyret 16.06.2015. Framdriftsplan og tiltak når det gjeld medverknad er under arbeid. Er delvis omtalt i rapport frå Agenda Kaupang om storkommune på ytre Haugalandet. Har etablert naboprat med Tysvær.

<b>1211</b>	<b><i>Etne (Hordaland)</i></b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Har i kommunestyret 16.06.2015 gjort vedtak om å invitere til dialog med Vindafjord, Sauda og Suldal, med underalternativet Etne og Vindafjord. Det er også vedteke å halde ope eit alternativ som kan kome opp etter eit møte med Folgefond-kommunane, samt å ha kontakt med Tysvær og Bokn. Det er etablert naboprat med Sauda, Suldal og Vindafjord, og det er sett i gang utgreiing av underalternativet Etne og Vindafjord.
<b>1216</b>	<b><i>Sveio (Hordaland)</i></b>	Felles utgreiing gjennom Haugaland Vekst, ferdig med forprosjekt februar 2015. Er i vidare dialog med kommunar i Rogaland, og er i samarbeid med Haugesund, Karmøy og Tysvær om ei ny utgreiing. Det er avtalt utgreiing av ein mogleg storkommune Karmøy, Haugesund, Tysvær og Sveio. Felles rapport frå Agenda Kaupang, som også omtalar Bokn, blei presentert på felles kommunestyremøte den 26.11.2015. Rapporten blir nå behandla vidare i kommunen.

Alle kommunane i Rogaland har vedteke å delta i reformarbeidet i ei eller anna form, samstundes er det ein god del arbeid som står igjen i mange kommunar for at det skal bli eit tilstrekkeleg faktagrunnlag for folkehøyring og endeleg vedtak.

I desember ser det ut til at særleg to prosessar kan ende i ny kommunestuktur (Eigersund/Sokndal og Hå/Time/Klepp). Samstundes er det aktivitetar og nye fagrapporatar som kan føre til nye retningsval i ein del av drøftingane, t.d. ved at delar av grupperingane går vidare.

Vi viser elles til eiga kartløysing på Fylkesmannen si nettside.